

Innhald

Føreord 4

Innleiing og forklaring til oppsettet 5

Føremålet med arbeidet 5

Kva Dovresno-bøkene er 5

Førsteutgåvene 5

Bøkene som er bruka ved registreringane 6

Om registreringane 6

Oppbygging av listene 7

Språkleg variasjon og avvik frå den valde hovudforma 9

Andre opplysningar 12

Samansette ord med bindelekk; ± orddeling; og verb 13

Botaniske og zoologiske namn og ord forklarde av Krokann 15

Botaniske namn og ord 15

Zoologiske namn og ord 16

Plantenamn i Dovresno-bøkene 18

Botanikk samleliste, namn med tal for sider i bøkene 18

Register. Alfabetisk liste over dei 114 hovudnamna, med *synonym* 18

Gruppeinndeling av hovudnamna 20

Registreringane, hovudnamn alfabetiske innan kvar av dei åtte gruppene 21

A Heimlege vokstrar 21

1a Tre og buskar, ville og dyrka 21

1b Lyng 30

1c Urter og grasvokstrar, ville 31

1d Åkervokstrar, dyrka 36

2 Blomsterlause plantar 39

3a Sopp 40

3b Lav 41

B Utanlandske vokstrar 41

Systematisk plassering av hovudnamna 43

Referanseliste frå 129 undergrupper til hovudnamnet 44

Oppslag for sjeldne ord 45

Vitskaplege plantenamn, alfabetiske innan gruppene i samlelista 45

Botanikk boklister, namn med sidetal i bøkene 47

I Dovre-sno 47

Gjenom fonna I 48

Gjenom fonna II 49

På linfeksing 50

Under himmelteiknet 52

Gravlagt av lynet 55

Dyrenamn i Dovresno-bøkene 57

Zoologi samleliste, namn med tal for sider i bøkene 57

Register. Alfabetisk liste over dei 110 hovudnamna, med *synonym* 57

Gruppeinndeling av hovudnamna 58

Registreringane, hovudnamn alfabetiske for heile lista 60

Systematisk plassering av hovudnamna 75

Referanseliste frå 90 undergrupper til hovudnamnet 76

Oppslag for sjeldne ord 77

Zoologi boklister, namn med sidetal i bøkene 77

I Dovre-sno 77

Gjenom fonna I 78

Gjenom fonna II 79

På linfeksing 80

Under himmelteiknet 81

Gravlagt av lynet 83

Frekvensen av plante- og dyrenamn i Dovresno-bøkene 84

Namn og klassifisering 84

Kommentarar til dei botaniske hovudnamna 85

A1a Tre og buskar, ville og dyrka 85

A1b Lyng 86

A1c Urter og grasvokstrar, ville 86

A1d Åkervokstrar, dyrka 88

A2 Blomsterlause plantar 89

A3a Sopp 90

A3b Lav 90

B Utanlandske vokstrar 91

Summen av sidetal for botaniske hovudnamn med undergrupper 91

Førekomsten av hovudnamn på plantar i dei einskilde bøkene 93

Kommentarar til dei zoologiske hovudnamna 95

Pattedyr 95

Fuglar 96
Krypdyr og amfibiar 98
Fiskar 98
Virvellause dyr 99
Summen av sidetal for zoologiske hovudnamn med undergrupper 100
Førekomsten av hovudnamn på dyr i dei einskilde bøkene 102

Dyre- og fuglelæte i Dovresnobøkene 104

Frå læte til dyr og fuglar 104

Frå dyr og fuglar til læte 106

Føreord

Ei av Krokanns romankvinner ”gjekk seg borti ein tjukkbrilla ein” mens ”han stod og gynte – gjennom lupe – på ein nysproten leirfivel i ei vegskråning, så han var blind og dauv for alt anna.” (Brynill i *Hammarslaga* s. 65). Dette var ein ”fagbotanikar” får vi vita. Tja, som Krokann ofte skriv, kva skal ein av rasen seie? Er det ris eller ros åt ein oppslukt spesialist? Kva ville han tykt om slik gyning i hans eige terreng?

Det har vore trøysamt å botanisere i Krokanns åkrar og enger, blåe skogar, bratte lier og vide vidder – av ord. Mange vokstrar var lette å finne: graset på enge, kornet på åkrane, furua på moane, bjørka i Loslia frå vollane til viggja, og ’mosen’ på høene. Andre var godt gøymde millom ein halv million ord, så naturleg nemnde ein einaste gong og mesta ukjennande med eit uvanleg eller vanskeleg namn. God lupe (finlesing) har trugest, og dauv og blind for alt anna har ein måtta vera i lang tid.

Og millom trea og vokstrane trødde husdyra i heime-mark og seterfjell, i skogane av ord vaggja bjørnen og lunka elgen, og på randane rende reinen (ja sjå, ein blir krokannsk av Krokann). På kjellen sat ørnen, og over alt flaug store og småe fuglar og surra og kravla småkrypa, og i vatnet av ord fór fiskane. Merkeleg at skrift på kvitt kan bli så levande, sanseleg – – – kva? javisst ja, nettopp, det rike krokannske språket!

Og for å utvikle tanken: Ein feltbiolog må sveitte seg fram til ei fullstendig artsliste over eit område. Da må han traske over heile terrenget mange gonger, og ikkje sjeldan krype, men er likevel usikker på å ha funne alt. Metaforen er godt gyldig for Krokanns barske og ugreie språkterreng – tre, fire, fem gonger ja, og det er mykje å sjå, men finst det meir?

Tillegg: Plante- og dyrenamn i dei andre Krokann-bøkene 108

Nye og utvalde hovud- og undergruppenamn på plantar 109

Nye og utvalde hovud- og undergruppenamn på dyr 113

Litteratur 118

Dette er for dei fleste ein mystisk måte å bruke bøker på. Men det litterære kjem ikkje bort. Eit skrållys blir sett på, oppdagargleda møter lesegleda og terrenget skifter ham under den nye lese måten.

Det store førebiletet for dette arbeidet er boka *Dikteren og hans blomster. Florula Wergelandiana* av Knut Fægri (1988). Fægri var professor i botanikk ved Universitetet i Bergen, og i tillegg til å vera ein akta botanikar, skreiv han heile livet utruleg mykje om mangt.

Lat den botaniske delen av dette arbeidet,

Florula Krokanniana,

vera ei hyllest til Fægri og hans idé.

Desse er spurde om hjelp med ulike spørsmål, og får ein varm takk: Simen Bretten, Oppdal; Ingeborg Donali, Røros; Oddvar Hansen, Trondheim; Håkon Holien, Steinkjer; Terje Nordby, Oslo; Jon Peter Stav, Trondheim; Jon Suul, Røros; Anna-Elise Torkelsen, Oslo; Kaare Aagaard, Trondheim; Aslaug Aalbu, Oppdal.

Ein særskild takk til Kjell Haugland, Oppdal, som straks viste stor interesse for arbeidet, og som har bruka mykje tid på å tilrettelegge manuskriptet for trykking; utan denne velviljen og hjelpa hadde det ikkje vorte publisert. Stor takk også til Oppdal historielag som har støtta publiseringa økonomisk.

Det var også meningsfylt å koma i kontakt med Krokann-familien ved Solrun Krokann Berg, som uttrykte stor glede over arbeidet.

Buvika, vinteren 2008

Arne A. Frisvoll